

PROTOKOLL - REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtestad:	Møterom – Simas sine lokalar i Festingdalen, Kaupanger
Dato:	20.10.2017
Tidspunkt:	13:00 – 14:00
Sakene:	06/17 – 09/17

Følgjande medlem møtte: Møteleiar: Petter Sortland, Høyanger kommune Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune Jon Håkon Odd, Leikanger kommune Harald Offerdal, Balestrand kommune Olav Turvoll, Vik kommune Jarle Aarvoll, Sogndal kommune Arild Ingar Lægreid, Årdal kommune Ivar Kvalen, Luster kommune	Følgjande medlem meldte forfall:
--	---

Merknader:

Andre som møtte: Styreleiar: Arne Hovland Styremedlem: Per Kjøllesdal Dagleg leiar: Marianne Vara Representant for kontrollutvalet i fylkeskommunen: Frank Willy Djuvik og Einar Ulla Sekretær for møtet: Marianne Vara Rådmann frå Sogndal kommune: Jostein Aanestad Rådmann frå Leikanger kommune: Odd Arve Rakstad

Til underskrift: Vi stadfestar med dette at møteprotokollen er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet.	Petter Sortland (sign): <u>Petter Sortland</u>
	Jon Håkon Odd (sign): <u>Jon Håkon Odd</u>
	Jenny Følling (sign): <u>Jenny Følling</u>

Opprop

Leiar i representantskapet, Petter Sortland, heldt opprop og konkluderte med at møtet var vedtaksført. Det var ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Val av to medlem til å underskrive møteprotokollen

Jon Håkon Odd og Jenny Følling i tillegg til møteleiar i representantskapet, vart valde til å underskrive møteprotokollen.

Sak 06/17 Budsjett 2018

Styret gjer følgjande tilråding til Representantskapet:

Budsjettet vert vedteken slik det er lagt fram med brutto driftsinntekter på kr 5 691 000,-, brutto driftsutgifter på kr 5 951 000,- og eit driftsresultat som syner eit underskot på kr 260 000,-. I tillegg er det budsjettert med finansinntekter på kr 10 000,- som vil gi eit rekneskapsmessig resultat (underskot) på kr 250 000,-.

Det er ikkje lagt opp til investeringar i 2018.

Samrøystes vedtak:

Budsjettet vert vedteken slik det er lagt fram med brutto driftsinntekter på kr 5 691 000,-, brutto driftsutgifter på kr 5 951 000,- og eit driftsresultat som syner eit underskot på kr 260 000,-. I tillegg er det budsjettert med finansinntekter på kr 10 000,- som vil gi eit rekneskapsmessig resultat (underskot) på kr 250 000,-.

Det er ikkje lagt opp til investeringar i 2018.

Vedlegg:

1. Budsjett 2018
2. Detaljert Budsjett 2018
3. Fordeling av revisjonskostnader 2018

SAK 07/17 Timepris 2018

Styret gjer følgjande tilråding til representantskapet:

Det vert fastset ein timepris på kr 1 060,- som SF revisjon IKS skal nytte i 2018 jf. selskapsavtalen § 4.

Samrøystes vedtak:

Det vert fastset ein timepris på kr 1 060,- som SF revisjon IKS skal nytte i 2018 jf. selskapsavtalen § 4.

SAK 08/17 Økonomiplan 2018 - 2021

Styret gjer følgjande tilråding til representantskapet:

Økonomiplanen 2018 – 2021 vert godkjent slik:

Kalenderår	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekter	kr 5 691 000	kr 5 747 910	kr 5 805 389	kr 5 863 443
Personalkostnader	kr 4 804 000	kr 4 852 040	kr 4 900 560	kr 4 949 566
Driftsutgifter	kr 1 147 000	kr 1 158 470	kr 1 170 055	kr 1 181 755
Driftsresultat	-kr 260 000	-kr 262 600	-kr 265 226	-kr 267 878
Finansinntekter	kr 10 000	kr 10 100	kr 10 201	kr 10 303
Ordinært resultat	-kr 250 000	-kr 252 500	-kr 255 025	-kr 257 575
Bruk av tidlegare avsetningar	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0
Rekneskapsmessig resultat	-kr 250 000	-kr 252 500	-kr 255 025	-kr 257 575
Investeringar	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0

Samrøystes vedtak:

Økonomiplanen 2018 – 2021 vert godkjent slik:

Kalenderår	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekter	kr 5 691 000	kr 5 747 910	kr 5 805 389	kr 5 863 443
Personalkostnader	kr 4 804 000	kr 4 852 040	kr 4 900 560	kr 4 949 566
Driftsutgifter	kr 1 147 000	kr 1 158 470	kr 1 170 055	kr 1 181 755
Driftsresultat	-kr 260 000	-kr 262 600	-kr 265 226	-kr 267 878
Finansinntekter	kr 10 000	kr 10 100	kr 10 201	kr 10 303
Ordinært resultat	-kr 250 000	-kr 252 500	-kr 255 025	-kr 257 575
Bruk av tidlegare avsetningar	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0
Rekneskapsmessig resultat	-kr 250 000	-kr 252 500	-kr 255 025	-kr 257 575
Investeringar	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0

SAK 09/17 Samanslåing av dei tre revisjonseiningane KRYSS revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og SF revisjon IKS

Styret gjer følgjande tilråding til representantskapet:

Representantskapet sender denne saka til handsaming både i kommunane og i kontrollutvala i kommunane for vidare handsaming og vil komme med slik tilråding:

1. Kommunane ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, datert 15.9.2017, blir å legge til grunn for samanslåinga
2. Kvart av dei tre selskapa vel 2 representantar til eit interimsstyre. Interimsstyret konstituerer seg sjølv og har som oppgåve å legge til rette for å få etablert ei ny revisjonseining basert på dagens ordningars og kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga.
3. Det nye interkommunale samarbeidet blir å organisere som eit § 27-samarbeid, utan

eigenkapitalinnskot, og skal vere operativt frå og med 01.01.2019. Parallelt med dette vert dagens tre revisjonseiningar avvikla innan. 31.12.2018.

4. Dei tilsette sine rettar skal ivaretakast i tråd med Kap. 16 i Arbeidsmiljølova om verksemどoverdraging slik at dei tilsette sikrast sine stillingar i den nye revisjonseininga.
5. Dette vedtaket er gjort med etterhald om at dei andre kommunale eigarane i SF revisjon IKS gjer tilsvarende vedtak.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet sender denne saka til handsaming både i kommunane og i kontrollutvala i kommunane for vidare handsaming og vil komme med slik tilråding:

1. Kommunane ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, datert 15.9.2017, blir å legge til grunn for samanslåinga
2. Kvart av dei tre selskapa vel 2 representantar til eit interimsstyre. Interimsstyret konstituerer seg sjølv og har som oppgåve å legge til rette for å få etablert ei ny revisjonseining basert på dagens ordningar og kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga.
3. Det nye interkommunale samarbeidet blir å organisere som eit § 27-samarbeid, utan eigenkapitalinnskot, og skal vere operativt frå og med 01.01.2019. Parallelt med dette vert dagens tre revisjonseiningar avvikla innan. 31.12.2018.
4. Dei tilsette sine rettar skal ivaretakast i tråd med Kap. 16 i Arbeidsmiljølova om verksemどoverdraging slik at dei tilsette sikrast sine stillingar i den nye revisjonseininga.
5. Dette vedtaket er gjort med etterhald om at dei andre kommunale eigarane i SF revisjon IKS gjer tilsvarende vedtak.

Representantskapet la til følgjande kommentar til pkt. 3 i vedtaket:

Representantskapet meiner organisasjonsformen interkommunalt selskap (IKS) jf. Lov om interkommunale selskap er ein betre løysing for eit slikt samarbeid, og ser det som viktig å sende dette signalet vidare til kommunane i Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Ein vil samstundes understreke at målsettinga om å få til samanslåinga er så tungvegande at prosessen ikkje må stoppes p.g.a. usemje om organisasjonsform.

Uprenta vedlegg til saka:

4. Rapport om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane til ei revisjonseining.
5. Møtereferat frå møte i styringsgruppa 15.09.2017